



Arne Skeie saman med borna sine, Sindre og Vegard.

Geilo og Neset er plassen for nybygg og renovering. Vi har før skrivne om det store fornyingsarbeidet i tunet på Neset, det same med det fint restaurerte huset ved det som var Larsen Pensjonat. No gjeld det familien Arne Skeie sitt nybygg på den gamle løetomta på Solstad.

Her budde i si tid Brita og Nils Myklebust. No er det barnebarnet, Arne Skeie, som har rive den gamle løa for å få plass til nytt hus på tunet. Arne Skeie saman med Anita Johnsen og to born bur til vanleg på Bønes i Bergen. Kvar sommar og i mange frihelgar går turen til Uskedalen. Arne har gode minne frå tida med besteforeldra og familien her i bygda. Mora, Synnøve Skeie, bur på plassen og er ein aktiv pensjonist i dag. Tanta, Margrethe, gifta seg og vart busett i Danmark. Når Uskedalen.no er innom Solstad i dag, er det slekt heime frå nabolandet i sør.

Arne vil ta vare på det gamle huset i tunet. Nybygget vert tilpassa lokal byggeskikk, men også med ein del som har eit moderne uttrykk. Frode Bu har teikna og kostnadsrekna bygget. Arbeidet elles vert utført av lokale handverkarar, I desse dagar vert alt forskalings- og betongarbeid utført av Hauge Forskaling.

Det nye bustadhuset vil ha plass til 3 soverom. stove/kjøkken, bad og boder. I den meir moderne delen vert det vakker utsikt mot båthamna, skulen og kyrkja. Bygget skal vera ferdigstillt innan 5 månader. Det vil sei at huset er klart for innflytting tidleg på nyåret 2017.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal